



Erlend Drivenes på veg mot løperekord i fjor

2. pinsedag vert Solfjelløpet arrangert for sjette gongen og det vert spanande å sjå om deltakinga tek seg opp samanlikna med i fjor. Då var det berre 20 med i konkurranseklassa. Trimklasssa hadde 45 med og dei burde også ha vore fleire. .



[Solveig Haugland nærmar seg toppen](#)

Ein grunn til at det ikkje stilte fleire var nok andre arrangement, men neppe heile forklåringa. Sportsleg var det eit godt løp med ny løyperekord av Erlend Drivenes frå Tørrvikbygd som vart klokka inn på 41,15 på toppen av fjellet - ein imponerande prestasjon. Den 5,6 kilometer lange motbakken har ein høgdeskilnad på 892 meter frå Haugland og opp og han krev sitt.

Opplegget i år skil seg ikkje mykje frå det som idrettslaget har hatt før. Dei som deltar i trimklassa startar frå Haugland mellom klokka 10 og 12 og startskotet for konkurranseklassa smell klokka 12. For trimklassa er det inga aldersgrensning. Konkurranseklassa er frå 12 år og det er påbode med ryggsekk på 2,5 kilo.

Det er pengepremiar til dei 3 beste i dame- og herreklassa og premiering i kvar aldersklasse. Dei som set ny løyperekord får

premie og dei som når toppen i fjelltrimmen oppnår 50 ekstra turpoeng

Det har vore førehandspåmelding via internett og den har kosta 150 kroner eller 50 kroner mindre enn påmelding på løpsdagen for konkurranseklassa. Ein familie på maksimalt 5 som deltek i trimmen betalar 150 kroner medan ein enkeltperson må ut med 60 kroner. Med andre ord har idrettslaget freista med ekstra 'gulerøtter'

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen

Foto: Idrettslaget